

VEDTEKTER FOR STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

(vedtekne på skåpingsmøte 14.01.09, § 4 endra 23.02.2011, § 1, 2 og 5 endra 23.03.2011)

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
SAK NR. 1105517	DOK NR. 6
28 DES 2011	
ORG NR. 994 179 136	B66

§ 1.

Namn og forretningskontor

Stiftinga sitt namn er Musea i Sogn og Fjordane.

Stiftinga er ei alminneleg stifting og har forretningskontor i Gloppen kommune.

§ 2.

Føremål og målform

Stiftinga sitt føremål er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forskning og formidling.

Stiftinga skal kunne drive anna kulturell verksemd.

Museet kan drive inntektsgjevande verksemd med naturleg tilknytning til hovudverksemda, det vil seie verksemd som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål, som konsulent- og spesialisttenester, kafé, museumsbutikk og utleige.

Stiftinga si målform er nynorsk.

§ 3.

Grunnkapitel

Stiftinga sin grunnkapital er kr. 100 000.

§ 4.

Styre

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Styret har 7 medlemmer som vert valde slik:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og ein styremedlem med personlege varamedlemmer. Desse skal peikast ut innan 1. mars i valåret
- Rådet vel tre medlemmer med personlege varamedlemmer.
- To medlemmer med personlege varamedlemmer vert valde av dei tilsette.
- Nyval av styremedlemmer gjeld frå 1. mai i valåret.

Styremedlemmene vert valde for 4 år. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.

For tilsettere representantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsettere representantar og deltaking i styre, òg funksjonstid.

Ved fyrste val peikar fylkeskommunen og rådet ut ein medlem med funksjonstid på to år.

Styret er vedtaksført når minst fire medlemmer/varamedlemmer er til stades, og blant desse leiar eller nestleiar.

Ved stemmelikskap er møteleiar si stemme avgjerande.

Styret vert innkalla så ofte leiaren finn det naudsynt eller det vert kravd frå minst tre medlemmer.

Stiftinga sin direktør deltek i styret sine møte med tale- og forslagsrett. Direktøren er sekretær for styret.

§ 5.

Styret sine oppgåver

Styret leiar stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtalar elles.

Styret ser òg til at verksemda vert driven i samsvar med dei retningslinjer som er gjevne i tilsegnsbrev fra offentlege styresmakter.

Styret vel revisor.

Styret tilset direktør og administrasjonssjef for stiftinga, og avdelingsdirektørar for dei fem hovudavdelingane.

Tilsetjing av anna personell høyrer til under stiftinga sin direktør.

Styret kan tildele prokura.

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
SAKS NR. 1105517	DOK NR. 6
28 DES 2011	
ORG NR. 924179136	B6W

§ 6.

Råd

Stiftinga skal ha eit råd. Rådet sine oppgåver og mynde går fram av § 7. Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i fylket, vertskommunane for hovudavdelingane (Florø, Førde, Gloppen, Sogndal) og vertskommunane for underavdelingane (Balestrand, Hornindal, Lærdal og Jølster), dei 5 eigarmusea, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge.

Kvar av dei som er nemnde ovanfor vel ein medlem til rådet.

Valet gjeld for 4 år.

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
DOK NR. 11/05517	6
28 DES 2011	
ORG NR. 924179 136	BGL

Rådet skal årleg ha minst eitt møte innan 1. mai.

Innkalling skal vere skrifteleg med minst to vekers varsel til rådsmedlemmene. Kopi av innkalling med vedlegg skal også sendast til dei organ som har valt medlemmer til rådet.

Med innkallinga skal det føreligge sakliste, årsmelding, rekneskap og driftsbudsjett for inneverande år.

Møte i rådet kan elles haldast når dette vert kravd av rådet sin ordførar eller 1/3 av rådet sine medlemmer. Slikt møte skal kallast inn skrifteleg med minst to vekers varsel.

Rådet kan berre handsame dei saker som er nemnde i innkallinga.

Rådet er vedtaksført når minst halvdelen av medlemmene er til stades.

Vedtaket vert gjort med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap er ordføraren si stemme avgjerande.

§ 7.

Rådet sine oppgåver

Rådet skal handsame styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår og kan gje uttale til desse.

Rådet kan handsame saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m. og gje rådgjevande uttaler til desse sakene.

Rådet skal velje tre styremedlemmer med varamedlemmer.

Rådet skal velje medlemmer til valkomiteen.

Rådet fastset godtgjering til styret.

Oppløysing av stiftinga kan berre skje etter vedtak i rådet.

§ 8.

Valkomité

Rådet vel ein valkomité på 3 medlemmer. Vala gjeld for 3 år.

Kvart år går den som har fungert lengst, dei to første åra ved loddtrekning. Valkomiteen vel sjølv leiar.

Valkomiteen si oppgåve er å førebu dei vala som skal utførast av rådet.

Valkomiteen bør arbeide for at det samla styret får ei balansert og god samansetjing med omsyn til kompetanse, geografi i fylket, kjønn og alder.

REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET	
1165517	DOK NR. 6
28 DES 2011	
994179 136	B66

§ 9.

Finansforvaltning

Stiftinga si finansforvaltning skal vere forsiktig.

Stiftinga kan ikkje ta opp lån utan løyve frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Kulturdepartementet.

§ 10.

Endring av vedtektene

Endringar vert vedtekne av styret.

Endringar må godkjennast av det organ som til ein kvar tid tek vare på denne funksjonen etter stiftingslova sine reglar (Stiftingstilsynet).


§ 11.


Opplysing

Avgjerd om oppløysing av stiftinga skal vedtakast av rådet etter forslag frå styret og skal godkjennast av Kulturdepartementet og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Elles skal reglane i den til eikvar tid gjeldande Stiftingslova følgjast.


Sandane, 06.09.2011


Harry Mowatt
Styrelsiar


Olin Johanne Hender
Styremedlem


Halvard Oppedal
Styremedlem


Anna Jorunn Avdem
Styremedlem


Laura Kvamme
Styremedlem


Siv Rimmen
Styremedlem


Arild Hartman Eriksen
Styremedlem

